

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gulen

Emne: Brynet.

Bygdelag: Dalsøyra

Oppskr. av: Ivar Kleiva.

Gard: Kjellevold

(adresse): Dalsøyra

G.nr. 45 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ikkje etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskrifta er etter Jon J. Kjellevold, f. 1/10. 1864

SVAR

1. Det heiter "eit bryne" og "å bryne". Hein er namn på eit serskilt fint slag bryne.
2. No brukast berre bryne av kunststein. Bryna vart før kjøpte frå andre stader, men forteljaren kan ikkje seia kvar dei kom frå. Kanskje frå Valdres, trur han.
3. Barberknivar, treskjerarknivar o.l. vart berre brynt eller heina.
4. "I bestefar si tid tynte dei ljårne, men eg trur ikkje dei beit godt. Dei hadde smie på kvar gard den tida. Sigd og laukniv vart tynte på same måten. Det var fyrst i far si tid dei tok til å slipa ljårne. Nokon skilnad mellom slipelåar og tynsljelåar kjenner ikkje eg til. Dei fyrste gode ljårne fekk me frå Telemark. Før vart ljårne smidd av "Bers-smeden" (Frå Berge, grannegarden) Dei var tunge og stive.
Ljårne vart oppvermde med trekol og hamra ut på ein vanleg liten ambolt. Kvar mann måtte gjera det sjølv."
5. "Senda eller sennestein" er ukjent her.
6. Slipesteinen står jamt heime ved huset. Ljårne vert jamnast slipte om kvelden, men elles ikkje nokon viss regel. Dei vert slipte når dei er skjemma og det elles høver for det andre arbeidet.
7. To bryner har ikkje vori brukt, og trebryne er ukjent.
8. Ljåen sit fast i orvet.
9. Både stutturv og langorv vert haldne i venstre handa, med ljåen opp, og orvet stødd mot marka eller halde mellom føtene. Brynet vert ført att og fram med høgge handa.
10. Brynekopp er ikkje brukt her. Ein ber med seg eit spann eller liknande bidne med litt vatn i.
11. Ukjent.

- 12 Ukjent.
13 Ein brukar vatn.
14 Det vert kalla "brynegor". (eit)

Om spørsmåla 15 - 20 kunne forteljaren ikkje gje nokor greie. Han kjende ikkje til noko slikt her i frå.

2541

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING